

# KYRKJELYDSPEDAGOG/ KYRKJELYDSARBEIDAR I EID

## 2. gongs utlysing

**Eid Kyrkjelege Fellesråd**  
har ledig stilling som

### **KYRKJELYDSPEDAGOG/KYRKJELYDSARBEIDAR**

**Inntil 60% stilling (frå 1. august 2017)**

Eid kommune har litt over 6000 innbyggjarar fordelt på tre sokn og er sentralt plassert i Nordfjord. Nordfjordeid er kommunesenter med alle kommunale sentrale funksjonar, vidaregåande skule, folkehøgskule og sjukehus for Nordfjord.



*Nordfjordeid*

Eid kommune ligg vakkert til på begge sider av Eidsfjorden og Hornindalsvatnet med fine turområde sommar som vinter. Alpinanlegg og fleire lysløyper. Nytt kulturhus (Operahuset Nordfjord) og eit rikt utbygd idretts- og musikkliv/kulturskule.



*Kyrkjeparken i Nordfjordeid sentrum. Eid kyrkje til venstre, Eid Kyrkjetun til høgre*

I Eid er det tre sokn og fire kyrkjer: Kjølisdalen, Stårheim, Eid og Heggjabygda. Eit eige kyrkjelydshus frå 1992, Eid Kyrkjetun, nær Eid kyrkje, har plass til kyrkjekontor, rom for barne- og ungdomsarbeid og anna kyrkjelydsarbeid. Ved kontoret er tilsett prost i Nordfjord, sokneprest, ungdomsprest (100%), kyrkjeverje, 2 organistar (100 + 20 %), kontorfullmechtig i 50% stilling, kyrkjetenar (80%). Her er kontorlokale med moderne kontorutstyr.

Kyrkjelydane i Eid driv eit variert barne- og ungdomsarbeid. T.d.: kor, orgelklubb, Nattcafeen, Kjølisdalen Yngres, Laurdagsgrauten og Babysong. Dette vert drive både av lønna og ulønna medarbeidarar. Vi har også eit godt samarbeid med barne-, ungdoms- og vidaregåande skule og barnehagane i kommunen – særleg før jul og påske og når dei kjem på undretur til kyrkjene våre.

Kyrkjelydspedagogen/-medarbeidaren vil få ei leiande rolle i gjennomføring og vidareutvikling av tiltaka i den vedtekne trusopplæringsplanen for aldersgruppa 0-18 år. Arbeidet skal utførast i samarbeid med ungdomspresten, soknepresten, andre lønna og ulønna medarbeidarar og trusopplæringsutvalet i sokna..

Vi ynskjer at den som no vert tilsett går inn i det arbeidet/tiltaka som no er oppbygt, samtidig som ein legg vekt på å ha eit utviklande miljø som legg til rette for evaluering og utvikling av nye og andre tiltak. Eid var mellom dei første som fekk trusopplæringsmidlar, og vi var tidleg ute med å få utarbeidd trusopplæringsplan og få denne vedteken av sokneråda og godkjent av biskopen.

#### **Arbeidsoppgåver:**

- Ansvar for å gjennomføre og vidareutvikle trusopplæringsplanen saman med ungdomsprest og sokneprest
- Gjennomføre konfirmantundervisninga saman med sokneprest og ungdomsprest
- Delta i gudstenester knytt til trusopplæringa

- Samarbeide med skular og barnehagar (t.d. kyrkjebesøk frå barnehagar og skular, påskevandring i barnehagar, m.m.)
- Rekruttere og inspirere ulønna medarbeidarar
- Profilere trusopplæringsarbeidet i media
- Rapportering av tiltak/aktivitet

#### Vi ynskjer ein person som:

- Har interesse og engasjement for kyrkjeleg arbeid for born og unge
- Har høgare utdanning med pedagogikk og kristendom i fagkrinsen. Manglande utdanning kan kompenseras med relevant erfaring og personlege eigenskapar.
- Har kjennskap til Den Norske Kyrkja si verksemd
- Har gode kommunikasjonsevner og norskkunnskapar, samt erfaring med sosiale medier.
- Både kan arbeide sjølvstendig og systematisk og i team med andre
- Har personlege eigenskapar som gjer ein skikka for stillinga (engasjement, kreativitet, formidlings- og samarbeidsevne)

#### Opplysningar om stillinga:

- Løn etter kvalifikasjonar etter gjeldande tariffavtaler i KA sitt tariffområde
- God pensjonsordning i KLP. Det vert trekt 2% pensjonsinnskot.
- Kontorplass i triveleg kollegafellesskap på Eid Kyrkjekontor.
- Noko arbeid på kveldstid og i helgar må påreknast
- Søkjar må vere medlem av Den Norske Kyrkja
- Søkjar må disponere eigen bil (skyssgodtgjersle)
- Oppstart i stillinga: **1. august 2017.**

Det vert lagt vekt på at søkaren kan arbeide sjølvstendig, har evne til samarbeid og at han kan kommunisere med ungdom. Søkjaren bør kunne bruke begge målføre skriftleg. Søkjarar bør oppgje referansar. Det kan bli aktuelt å bruke intervju før tilsetjing.

Kunne du tenkje deg ei slik stilling??

Aktuelle kandidatar kan om ønskjeleg bli inviterte til Nordfjordeid for nærare samtale og fysisk synfaring av kyrkjer/kontor.

For nærare informasjon kan du kontakte:

Kateket Beate Folkestad Osdal, tlf. 474 13 996

e-post: [Beate.Folkestad.Osdal@eid.kommune.no](mailto:Beate.Folkestad.Osdal@eid.kommune.no)

eller

Kyrkjeverje Kristen Hundeide, tlf. 970 34 535

e-post: [kyrkjeverja@eid.kommune.no](mailto:kyrkjeverja@eid.kommune.no)

Søknad med evt. attestar, vitnemål, m.m. merkast «Kyrkjelydspedagog Eid» og sendast til:

Eid Kyrkjelege Fellesråd

v/kyrkjeverja

Postboks 5

6771 Nordfjordeid

eller på e-post til: [kyrkjeverja@eid.kommune.no](mailto:kyrkjeverja@eid.kommune.no)

**Søknadsfrist: 1. juni 2017**